

Deltakaravgifter

Polyfonsamarbeidet skal løfte kvaliteten i klyngedeltakarane sitt arbeid med fag- og tenesteutvikling, m.a. gjennom erfarings- og kompetansedeling, rådgjeving og prosjektsamarbeid.

Nivået for kunnskapsklyngas deltakaravgifter vert vedtatt av styringsgruppa, der alle klyngedeltakarane er representerte. Inntektene vert brukte til fagleg leining og drift og til klyngeaktivitetar som formidling, rådgjeving og utlysing av midlar til forskingsstøtte og formidlingsstøtte.

Kriterium for differensiering av deltakaravgifter

Differensiering av deltakaravgifta skjer etter fagleg aktivitet på klyngas område, med klyngerelaterte faglege årsverk som indikator:

- For kommunar og helseføretak vert deltakaravgift differensiert etter tal musikkterapeutårsverk i tenestene. Dette skal *ikkje* tolkast som at det berre er musikkterapeutar som kan bruke Polyfons ordningar. I søknader om forskingsstøtte og formidlingsstøtte, er det t.d. svært positivt å involvere tverrfagleg kompetanse og erfaringskompetanse.
- For organisasjonar innan forskning og kompetanse, vert deltakaravgifta differensiert etter tal klyngerelaterte faglege årsverk. Ph.d.- kandidatar og forskarar i prosjektstillingar tel med. For fagmiljø i musikkterapi, vert 100 % av dei faglege årsverka rekna med. I andre relevante fagmiljø ved universitet/høgskular vert 25 % av årsverka rekna med, medan 10 % vert rekna med for andre forskingsinstitutt/kompetansemiljø.

Gjeldande nivå

Deltakaravgiftene (i kroner) er sett til dei nivåa som går fram av tabellen nedanfor, der F står for klynge-relaterte faglege årsverk ved starten av kalenderåret deltakaravgifta gjeld for:

| | 1) F ≤ 2 | 2) F > 2 og ≤ 6 | 3) F > 6 og ≤ 12 | 4) F > 12 |
|-----------------|----------|-----------------|------------------|-----------|
| Enkelt deltakar | 70 000 | 140 000 | 210 000 | 280 000 |
| Undergruppe | 140 000 | 210 000 | 280 000 | 350 000 |

Vilkår ved innmelding i kunnskapsklynga

Styringsgruppa har vedtatt følgjande ordningar ved innmelding i klynga:

- Det er deltaking *utan* avgift resten av det kalenderåret ein melder seg inn
- Det er halv avgift det første fulle året som klyngedeltakar.

Grunnen til at POLYFON ønskjer å gjere terskelen for å melde seg inn låg, er at aktørar i ein tidleg fase når det gjeld utvikling av musikkterapirelatert aktivitet kan ha stor nytte av fagfellesskapen i klynga.

Dei to tilknytingsformene

Organisasjonar melder seg inn i kunnskapsklynga som enkelt deltakar eller gjennom gruppedlemskap. Vi tilrår at faglege vurderingar er styrande ved val av tilknytingsform:

- Store organisasjonar og/eller organisasjonar med ei tydeleg satsing på musikkterapi er ofte tente med å være enkelt deltakarar, då det gjev direkte representasjon i styringsgruppa og gode vilkår for å samordne teneste-, kunnskaps- og kompetanseutvikling i eigen organisasjon.
- Organisasjonar som har sterk tradisjon for eller stort behov for samarbeid og samordning, kan vere tente med gruppedlemskap. Organisasjonane i ei undergruppe inngår skriftleg avtale seg imellom, slik det er definert i klyngeavtalen.

Dokumentet gjeld frå 1. januar 2024 og er revidert etter styringsgruppevedtak 12.12.2023.

Deltakaravgiftene i klynga har vore stabile sidan 2022.

Kontaktinformasjon: polyfon@uib.no